



Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|------------------------|------------|
| Kristin Handeland | FE-146, FA-F61, FA-U63 | 20/32 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 089/21 | Formannskapet | PS | 20.10.2021 |
| 073/21 | Kommunestyret | PS | 28.10.2021 |

Inkuriere alkoholpolitisk plan 2020 - 2024

Vedlegg:
ALKOHOLPOLITISK PLAN

Saksutgreiing:
Saksopplysningar

I kommunestyre sak 032/20 vedtok kommunestyre Alkoholpolitiskplan 2020-2024. I behandlinga av planen vart det gjort endringar i skjenketida. Dei endringane som vart gjort vart endra i planen, med eit unntak, det som ikkje vart endra var punkt nr. 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider.

I punkt 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider stå det slik i planen i dag:

« 3.Opningstider

Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt. Uteservering på nærmare avtalt uteareal på skjenkestadane skal vere avslutta kl. 22.30.»

Vurdering

I den tidlegare planen var uteserveringa sett med sluttid klokka 2230. Ut frå vedtaka i kommunestyre i sak 033/20, 034/20, 036/20 , 069/20, er serveringstida ute og inne for alle alkoholgrupper sett til same sluttid. Ein bør på bakgrunn av det fjerna den setninga som omhandlar at uteserveringa skal vera avslutta klokka 2230 i Alkoholpolitisk plan 2020 – 2024. Nytt punkt vil då sjå slik ut:

[3.Opningstider](#) Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

**Forslag til vedtak:**

Punkt nr. 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider vert endra til:

Opningstider

Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

Formannskapet - 089/21**F - behandling:****F - vedtak:**

Punkt nr. 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider vert endra til:

Opningstider

Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

Samrøystes vedteke.